

Den politiske Kannestøjsparen



Salomon
15/8

Kirsten Broch:

Holberg – igår og idag?

Holberg-året 1984 og 300-årsjubileet for diktaren Ludvig Holberg er over. Vi har gjenoppfriska kjennskapen til skaparen av Den Danske Skueplads, inspiratoren til opprettinga av eit profesjonelt teater i Noreg, latteren og fornufta sin diktar, Ludvig Holberg, den bergenske skandinaven som skapte seg ein sentral plass i ein europeisk teatertradisjon.

Nesten eit år er gått sidan siste festtalar i velvalde ord hylla diktaren for den uvurderlege innsatsen hans. Otten for at komediane hans ville bli sette attende i bokhylla for å samle støv til neste jubileum og pliktdansen igjen fører oss ut i festsalane, ligg på lur. Men nei, alt i den første songen i nytt, eige hus inviterer Det Norske Teatret til eit nytt møte med komediediktaren, og går vi attende i historia ser vi at «Den politiske kannestøyparen» ikkje er noko tilfeldig val.

Ludvig Holberg vart fødd i handelsbyen Bergen 3. desember 1684. Alt 18 år gammal, i 1702, reiste han til København og tok dei første eksamina sine i teologi og filosofi, med avsluttande eksamenar i 1704. I åra som kom var Holberg stort sett på reisefot, til Bergen og Noreg, men rundt i Europa òg; Holland, England, Frankrike og Italia, til han endeleg slo seg ned for godt i den danske hovudstaden. I 1717 vart han

utnemnd til professor i metafysikk, eit fagområde som etter hans mening var fullstendig overflødig. Tre år seinare (1720) vart han tildelt professoratet i klassisk litteratur og ytterlegare ti år seinare vart han utnemnd til professor i historie. Med andre ord ein svært vellykka embets- og vitkapsmann.



I universitetskrinsar var han kjend for å vere temperamentsfull og ivrig debattør, og han kom meir enn ein gong i hardt ver og hamna i akademiske tvistar. Dei intense diskusjonane og den skarpe polemikken har nok vore med på å utvikle og avdekkje dei satiriske talenta hans, og i 1719 kom den bitande satiren over dei lokale danske samfunnstilhøva, det komiske heltegediktet «Peder Paars». Her finst eit overskot av komiske motiv, kimar til figurar som snart skulle ta full form i komediane. Holberg gjekk inn i ein oppstemt produktivitet som han sjølv kalla «den poetiske raptus».

«Den poetiske raptus» er den perioden i Holbergs liv da han skapte alle dei beste komediane sine, perioden 1722 til 1724, som òg markerer opprettinga av den første danskspråklege teaterscenen, «Den Danske Skueplads», i Lille Grønnegade. Teatret i Lille Grønnegade var eit mirakel. Det er ikkje mogleg å forklare korleis mirakel skjer, men ein kan peike på somme årsaker. Vinhandlar

Etienne Cation fekk i 1720 kongeleg privilegium, av Frederik 4., til å spele teater i København. Dette sette Cation i ei særstilling innanfor underhaldningsverda i København: «Han alene maatte lade indrettede Komedier, og dertil lade beskrive dyktige og uberygtede Personer, saa at ingen fremmede Komedianter, som agere med levende Personer, maatte her indkomme, uden de, han dertil antager».

Krig, pest og dyrtid hadde sett ein stoppar for livsutfalding. Borgarane i København var leie av krig og uro, og det nasjonale medvitet deira var styrkt i og med sigeren over Sverige i 1720. Den rimelegaste forma for underhaldning som den jamne mann hadde, var å drikke seg full på nærmaste kro, eller han kunne oppsøkje ein av dei mange hollandske eller tyske truppene med deira «Haupt- undt Staataktionen», ein type melodramatiske, effektfulle utstyrsstykke som Holberg sjølv så meisterleg parodierer i «Ulysses von Ithacia» (Det Norske Teatret, Scene 2 i 1983).

I København sat òg eit forlystingssjukt hoff, ei overklasse og eit stadig aukande, velstilt borgarskap, som hadde late seg underhalde av franske komediar og tyske og italienske operaer. Trongen hos hoffet til nye underhaldningstilbod førte til at kongen gav den veletablerte franske truppen og leiaren



deira gjennom mange år, René Montaignu, løpepass. Montaignu gav ikkje opp vona om å kunne halde fram i arbeidet sitt som teatermann og etter kvart mogna idéen om å skape eit nasjonalt dansk teater.

Ved universitetet i København sat ein ikkje heilt ung professor i metafysikk som følte slik ein brennande trong til å skrive underholdande dramatik og som viste seg å ha eit formidabelt talent for nett dette.

Teaterbygningen til Capion stod ferdig i 1721 og i byrjinga av 1722 opna han, godt hjulpen av dei franske skodespelarane med Montaignu i spissen. Framsyningane vart likevel spela på tysk og fransk, og vart derfor lite tilgjengelege for den jamne mann, som derfor ikkje viste større entusiasme for det nye teatret. Capions leiing av teatret vara ikkje lenge. Privilegiet hans vart overtatt av Montaignu. Målet hans var å spele komedie på dansk, og 23. september 1722 opna han med Molières komedie «Den gjerrige» i dansk omsetjing. Alt få dagar seinare vart Holbergs «Den Politiske Kandestøper» spela. Frå denne augneblinken vart det Ludvig Holbergs komediar som dominerte på spelplanen til teatret. På halvtanna år skreiv han i alt femten komediar som kom ut i tre bind 1723–25. Stutt tid etter hadde han ytterlegare ti komediar ferdige.

Opptakta kunne ikkje vore betre, og Holberg fortel sjølv i sitt Første Levnedsbrev at «Den Politiske Kandestøper» vart møtt med stort bifall. Det var svært mange som ikkje slapp inn til framsyninga dei første dagane. Montaignu og drabantane hans kunne gle seg over fulle hus. Det vart «på mote» å gå i teatret og med ein satire-skrivande universitetsprofessor som var komen inn i ein «poetisk raptus», såg framtida lovande ut for teatret i Lille Grønnegade.


Men trass i Ludvig Holbergs innsats for å gi den danske skodeplassen eit reportoar som høvde «mannen i gata», vart tilhøva for teatret etter kvart svært vanskelege. Capion og Montaignu hadde begge økonomiske interesser i teatret, men ingen av dei var særleg dyktige med den økonomiske sida av drifta, og den 5. februar 1727 måtte teatret stengje. Montaignu gav ikkje opp, teatret var livet hans og levebrødet hans. Fram til den store brannen i København 1728 vart det gjort fleire forsøk på å blåse liv i Grønnegadeteatret. Holberg prøvde med fleire komediar, men desse hadde inga interesse hos publikum.

Teaterbygningen vart ståande etter brannen, men det var ingen som ofra skodespelariet og komedien ein tanke. Ein storbrann på denne tida, i trygdingtankens barndom, var det same som øko-

nomisk ruin for svært mange menneske. I 1736 vart teaterbygningen seld på auksjon og Montaignu og skodespelarane måtte finne andre måtar å tene til det daglege brødet på. Med teatret i Lille Grønnegade var Ludvig Holbergs finaste og mest produktive tid som komedieforfattar slutt.

«Den Politiske Kandestøper» var den første framsyninga på Holbergs teater, og er idag første Holbergkomedien på Det «nye» Norske Teatret. Og teksten er framleis god nok, ein gåverik forfatters dramatiske debutarbeid, med friske replikkar, store roller og eit spennande debattinnlegg: kva er det som skjer når den jamne mann byrjar å interessere seg for politikk og blir utnemnd til borgarmeister? Ikkje noko godt, er moralen i komedien. Det er lett nok å kritisere, men slett ikkje like lett å regjere, og alminnelege menneske blir dei mest hovmodige. Holberg tar seinare opp same tema, meir atterhaldsamt og menneskeleg nyansert i «Jeppe på Bjerget». Vi ler av Holberg av nøyaktig dei same grunnane som har gjort denne komedien levande gjennom 250 år. Vi ler på grunn av gjenkjenningsgleda i vår eigen kvardag. Holberg byd på «evige verdier», verdier mange politikarar rett og slett nektar for eksisterer.

I 1919 vart «Den politiske kandestøyparen» spela første gongen



Da Holberg første gongen vart introdusert på Det Norske Teatret med Jeppe «paa Maule» i den første sesongen (1913), vart resultatet det største teaterslaget i nyare norsk teaterhistorie. Slik samtidige karikaturar fortel . . .



«Knappestøyparen» har vore spela fleire gonger på Det Norske, første gongen i 1919. Her ser vi Lars Tvinde i oppsetjinga frå 1940.

på Det Norske Teatret i Bøndernes hus, seinare vart komedien sett opp i Casino Teater i 1940 i Stein Bugges regi. Det er altså gått 45 år sidan det sist var «knappestøypari» på Det Norske Teatret.

Ved opninga av Det Norske Teatret i 1913 var det Holbergs «Jeppe på Bjerget» som vart spela, med teatersjefen Rasmus Rasmussen i rolla som Jeppe. Arne Garborg hadde påtatt seg oppgåva med å setje komedien om til nynorsk, ei omsetjing som sette sinna i kok i hovudstaden og som førte til eit av dei verkeleg få teaterslaga i norsk teaterhistorie. Publikum kom verkeleg i kamp, det vart kasta rotne egg og rotne tomatar, og politiet måtte kallast til for å skape ro og orden i salen. Ein dramatisk start for vårt første nynorske teater, og det er vel «Jeppe»-framsyningane som er blitt dei mest legendariske Holberg-framsyningane ved teatret. Da ein skulle feire Holbergs 250-årsjubileum i 1934 fekk Hans Jacob Nilsen regien med kunstnaren Per Krohg som fantasirik artistisk scenograf. Omsetjinga hadde Oskar Braaten gjort og Jeppe-rolla var lagd i hendene på Lars Tvinde. Han skapte ein legendarisk «Jeppe»-figur: ein berar av det særnorske – «... ein gløgg og djerv vestlandsbonde som ikkje let seg slå ned i støvlane korkje av Ragnhild Halds illsinte Nille eller

av gapskratten som følger han i ryggen på heimferda» (Nils Sletbak, Det Norske Teatret 1913–1963). Ei blanding av god forstand, fulskap og naivitet, klare karakteristiske drag som har gått att i Jeppe-tolkingar seinare.


Men Holbergs komediar har vore sparsamt representerte på repertoarlistene dei siste ti åra, dette gjeld òg for Det Norske Teatret, og ein har korkje tatt vare på tradisjonane eller prøvd å skape fornying. (Eit unntak er vel musikkspølet «Jeppe» på Det Norske Teatret i 1976.) Elles har dei fornyingane som har funne stad, skjedd under innflytinga frå den sterke sosialrealistiske tendensen som dominerte det meste av norsk teater i 70-åra.

Ein vekselverknad mellom tradisjon og fornying kan vel stå som konklusjon på Holberg-framsyningane i jubileumsåret. Det er tydeleg at dei fleste instruktørane har vore ute etter å finne denne balansen: halde kontakten med fortida samstundes som dei har late seg påvirke av notida. Tradisjon er viktig fordi det skapar identifikasjon hos publikum, ei form for gjenkjenningsmekanisme er oppstått takk vere ein tradisjonell dekorasjons- og kostymebruk, utan at framsyningane er blitt museale og humørlause. Holbergs

(framhald)



Men det er «Jeppe» som har skapt mest furore på teatret. Etter det store teaterslaget kom ein fornya «Jeppe» i Lars Tvindes tolking i 1934 – her saman med Ragnhild Hald som Nille. Han Jacob Nilsen var instruktør med Per Krohg som scenograf.



Og siste gongen fekk vi ein syngande «Jeppe». Tormod Skagestad hadde hjelpt han med songtekster, Egil Monn-Iversen med musikk. Svein Erik Brodal og Henny Mürer delte regionsvaret, mens Gunnar Alme var scenograf. Rolv Wesenlunds Jeppe og Sølvi Wangs Nille hadde premiere like oppunder nyttår i 1976.



Omsett av: **Ivar Eskeland**
Regi: **Jon Heggedal**
Scenografi og kostyme: **Mia Runningen**
Parykkar og masker: **Doro Walstad**
Musikkutval og lyd: **Meny Bloch**
Inspisient og turnéleiar: **Marit Grindvold**
Rekvisitør: **Espen Andersen**
Sufflør: **Magnhild Andersen**
Scenemeister: **Marek Burakiewicz**
Lysmeistrar: **Edvard Breivik/Terje Larsen**

Ein pause.

Premiere i Florø 17. november 1985.

Foto: Leif Gabrielsen
Programredaksjon: Halldis Hoaas
Programdesign og trykk: Otto Falch as

Ludvig Holberg:

Den politiske Kannestøyparen

Hermann von Bremen

Geske

Engelke

Antonius

Henrik

Gert Buntmaker

Frantz Knivsmed

Sivert Posekiker

Richard Børstenbinder

Sanderus

Abrahams

Anneke

1. Rådsherrinne

2. Rådsherrinne

Verten

Jokum

Arianke

Mann

Kjerring

Ein borgar

Ein annan borgar

Ein lakei

Rolf Sand

Anita Rummelhoff

Elin Reite

Vidar Wold Haavik

Trond Brønne

Alf Malland

Ragnar Dyresen

Asbjørn Toms

Erik Øksnes/Thomas Fasting

Wilfred Breistrand

Roy Bjørnstad

Ulrikke Greve

Grethe Ryen/Bab Christensen

Siri Rom

Hallvard Lydvo



fremste mål var jo å gjere «theatrum levende» og det som han kallar «festivitas, gayeté og kunsten at komme folk til at le» må ei framsyning ikkje vante. Holberg hadde ein kunnskap om mennesket og verda som han ville formidle, og han nytta ei kraft som nærmast var sprengstoff i hans eiga samtid for å få fram dette.

Den danske skodespelaren og instruktøren Kaspar Rostrop, særleg kjend for Holberg-oppsettjeningane sine, har sagt: «Den samme styrke og slagkraft er det vores plikt at overføre til vor tid, for menneskene har ikke forandret sig synderligt. Vi skal ikke levere historiske kuriositeter holdt sammen av traditioner, men spillevende, farlige indslag om mennesket og dets væsen. De døde traditioner er støvet «løgn og latin», mens sandheden om den levende tradition er, at kun de kan spille Holberg, der har galskaben og vanviddet i sig, der ser og føler med en styrke og originalitet, en psykisk dybde og sandhed, viderebragt i den groteske form, der har ret til å få tilføjet en «isme», – Holbergisme».

Mag.art. Kirsten Broch er dramaturg ved Den Nationale Scene i Bergen.



Rolf Sand

har vore ein trufast Thalias tenar i meir enn førti år – meir enn tjuve av dei på Det Norske Teatret. Han har vore på ferde over alt i repertoaret i desse åra, i alle slags roller. Han var til dømes den første Gladhand i «West Side Story» på 60-talet – den gong ingen trudde vi kunne makte musicals på internasjonalt nivå her heime og den vesle scenen i Stortingsgata gjorde alle dystre spådomar til skamme. Han viste oss frodig irsk karakterskildring i «Juno og påfuglen» på Scene 2, og han var ein utstudert farleg Pilatus i Stein Winges «Barabbas» – ei oppsetjing som fekk Kritikarprisen. Dette berre som døme frå ein lang og mangslungen karriere. Men vi trur likevel det må vere lov å seie at Holberg alltid har hatt ein særskild plass i Rolfs hjarte . . .

– Eg debuterte i Holberg, veit du. Som «Den pantsatte bonde-dreng» på Nationalteatret, etter avslutta elevskole der. Det er ein einaktar – du kan gjerne kalle det ein forstudie til «Jeppe».

Men det er ikkje berre derfor?

– Nei, eg har eit eige forhold til Holberg. Eg har sett alle dei store spele – Holst-Jenssen, Henrik Børseth, Einar Sissener, David Knudsen – og framfor alt Ingolf Rogde. Han var kanskje den som gjorde det sterkaste inntrykket. Han braut med alle klisjéane, fekk spelet ned på det menneskelege planet. Eg såg han første gongen spele «Jeppe» under krigen



– det var ei stor oppleving. Eg kunne ikkje tenkje meg den gongen at eg seinare skulle spele saman med han – eg var gartnar, eg, ikkje skodespelar!

Du snakkar om å kome nedpå – men å spele Holberg er òg å kunne faget sitt, å spele stilkomedie?

– Javisst, men å spele stilkomedie handlar ikkje berre om replikkunst og det å bere tidsriktige kostyme på riktig måte med gestar og det heile. Eg såg nemleg korleis David Knudsen arbeidde – han viste meg at stil er noko som ligg innvendig, som så naturleg fører til dei ytre kjenneteikna på det barokke – i Holberg, i Molière, i engelsk «Restoration comedy». Og i denne samanhengen må eg få lov å rose instruktøren vår – Jon Heggedal. Eg har faktisk aldri arbeidd med han før, men han forstår at dette handlar om levande menneske, om jordnære forhold, han er opp-tatt av å skuve klisjéane til sides og finne ut kva som ligg bakom dei. Det er spennande å arbeide med han. Men om vi greier og får til det han ønskjer av oss, det får framsyninga vise!

Det er blitt mange Holbergroller opp gjennom åra?

– Vel, det er nok blitt ein del. Eg har til dømes vore Erasmus tre gonger, og vore med som Jacob ein fjerde gong! Først på Trøndelag Teater i '53 med Ellen Isefiar som instruktør, deretter på Riksteatret i '57 med Ole Grepp ved regipulten – og så skulle vi ha gjort Erasmus her på Det Norske, oppsetjinga var så godt som ferdig, men vart aldri spela – av heldige grunnar for teatret: «Fedra» vart ein så





overraskende stor suksess at det ikkje vart plass! Siste gongen var eg altså Jacob mot Toralv Maurstads Erasmus på Nationaltheatret. Eg har ei samling godord frå den gongen som eg knapt kan seie noko om – elles ville eg blitt skulda for skryt! Men som er gode å ha på kistebotnen . . .

Eg trur elles det blir lagt for lite vekt på utdanning av skodespelarar til stilkomedie i dag, eg trur nemleg ei langt større og sikrare skolering er nødvendig for å få ei fri utfalding. Først når teknikken er ein sjølvsgatt reiskap, kan ein byrje å leike med han . . . men tru no ikkje eg med dette seier at eg kan det heile perfekt!

Likevel må vi vel ha lov å seie at rolla no i vår i Milan Kunderas «Jacques og herren hans» peika mot ei Holberg-rolle igjen . . .


– Å, det var ei gåve for meg å få den rolla, det var så moro å arbeide med! Å få prøve ut dei faglege kunnskapane om ein stil-epoke – utfordrande og morosamt, å prøve å få til det rette gestiske uttrykket synkront med replikken . . .

Det finst **ein** skodespelar i Norden som meistrarar det der – Allan Edwall. Han er for meg idealet av ein skodespelar. Med ein suveren teknikk, som alltid er organisk, aldri demonstrativ . . .

Og det er typisk Rolf. Ustoppeleg opptatt av faget sitt, av å vidareutvikle seg sjølv, å utvide virkefeltet sitt – og full av gode ord om og respekt for kollegaer. Vi seier tvi-tvi med den førebels siste i ei lang rekkje Holberg-roller og ønskjer alle godt kannestøypari!

Ludvig Holberg

- 1684: 3. desember, Ludvig Holberg fødd i Bergen, den yngste av 12 søsken
- 1702: Holberg blir student
- 1704: Filosofisk og teologisk eksamen. I studieåra huslærer på Bergenskanten
- 1704–05: Studieopphald i Holland
- 1705–06: Huslærer i Kristiansand
- 1706–08: Studieopphald i England
- 1708–09: Studieopphald i Tyskland. Slår seg deretter ned i København
- 1711: «Introduction til de fornemste Europæiske Rigers Historie»
- 1716: «Introduction til Naturens og Folkerettens Kundskab»
- 1714: Stipend for reiser til Paris og Roma
- 1719–20: PEDER PAARS, parodisk heltedikt
- 1722: «Den danske skueplads» blir opna
- 1722–23: Holberg skriv dei første femten komdiane sine
- 1724–28: Elleve nye komediar frå handa til Holberg
- 1726: 18. november urpremiere på DEN STUNDESLØSE
- 1725–26: Siste utanlandsreise til Paris. LEVNEDSBREV
- 1729: «Danmarks og Norges Beskrivelse»
- 1731: Første utgåva av Holberg samla komediar
- 1732–35: «Danmarks Riges Historie»
- 1737: «Bergens Beskrivelse»
- 1741: «Niels Klims underjordiske reise» skrive på latin gav Holberg europeisk gjetord
- 1744: MORALSKE TANKER
- 1748–54: EPISTLER (5 bind)
- 1735–36: Rektor ved Universitetet i København
- 1737–51: Kvestor ved Universitetet
- 1747: Adla til baron
- 1754: Holberg dør. Gravlagd i Sorø kyrkje



10g161817

Det Norske Teatret